

Uskedelingen Jørn Øyrehagen Sunde (34) skal 16. juni disputera for den juridiske doktorgraden ved Universitetet i Bergen, der han er fyrsteamanuensis. Avhandlinga hans, som er på over 400 sider, handlar om framveksten av metodisk medvit i dansknorsk rett på 1700-talet. Øyrehagen Sunde har fått svært gode faglege vurderingar.

Temaet er kva som skjedde med lovgjeving, juridisk litteratur og rettspraksis då juridisk metode vart ein del av juristar si intellektuelle ballast.

Ein viktig del av grunlaget for avhandlinga er 630 saksregistreringar frå rettsprotokollane for Rosendal birk, som samla sett resulterte i 220 dommar. Avhandlinga har med andre ord indirekte Baroniet Rosendal si historie som tema gjennom å byggja på ei undersøking av rettspraksis på godset mellom 1726 og 1796.

Øyrehagen Sunde er Baroniets rådgjevar i historiske spørsmål. Han er framleis knytt til museet i 10 prosent stilling og held fram med forskning knytt til historia til Baroniet. Det arbeider for å få stillinga utvida til forskar i 50 prosent.

Uskedelingen har også eit anna stort prosjekt knytta til baroniet bak seg. Han har no gjeve ut "Den juridiske komedien" som er ein vitskapleg antologi sett saman av rettshistoriske avhandlingar, artiklar og essay. To av dei fjorten skriftstykkane har Rosendal si historie som hovudtema og fire har baroniet som deltema.

I 2004 gav Jørn Øyrehagen Sunde ut ei lærebok i rettshistorie.

Av Ola Matti Mathisen

Jørn Øyrehagen Sunde har skreve eit innlegg gjeldande stadsnamn, som du kan lesa på sida [e-post til oss](#)